

Dato: 16.05.2017

Arkiv: 049

## Kontrollutvalet i Ørsta

### SAK 27/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.

#### Forslag til vedtak

Møteprotokollen frå møtet 15.05.2017 vert godkjent.

#### Vedlegg

Møteprotokoll frå møtet 15.05.2017.



Jostein Støylen  
Dagleg leiar



Sigrid Aa. Torbjørnsen  
Konsulent



## ØRSTA KOMMUNE

### MØTEPROTOKOLL

**Utval:** Ørsta kontrollutval  
**Møtestad:** Møterom «Hjørundfjord», Ørsta rådhus  
**Dato:** 15.05.2017  
**Møtet starta** Kl.13.00  
**Møtet slutta** Kl. 15.50

#### Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Svein Castberg	Leiar
Stina Aasen Lødemel	Medlem
Peder Slenes	Medlem
Anne Stine Foldal Aam	Nestleiar

#### Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Kari Janne Myklebust	Medlem

#### Varamedlemar som møtte:

Namn	Møtte for
Sylvi Gulla Hovdenakk	Kari Janne Myklebust

#### Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar
Sigrid Aashild Torbjørnson	Konsulent

#### Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Bodill Skeide	Revisjonssjef

#### Frå kommuneadministrasjonen:

Namn	Stilling
Liv-Bente Viddal	Seksjonssjef Kultur og næring

Sak nr	Tittel	Arkivkode	
18/17	Godkjenning av innkalling og sakliste. Møteprotokoll.	033	
18/17	Godkjenning av møteprotokoll frå siste møte	049	
20/17	Gjennomgang av møteprotokollar 2017	033&58	
21/17	Meldingar	033&17	
22/17	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2016	216	
23/17	Bu- og driveplikt i ørsta kommune - orientering	047	
24/17	Kommunerekneskap og årsmelding 2016	212	
25/17	Saker vidare?	040	
	Saker som kjem til		

## **SAK 18/17 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLL.**

### **Samrøystes vedtak**

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vart handsama i følgjande rekkjefølgje:  
18/17, 19/17, 20/17, 21/17, 23/17, 22/17, 24/17 og 25/17.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Anne-Stine Foldal Aam.

## **SAK 19/17 GODKJENNING MØTEPROTOKOLL SISTE MØTE.**

### **Samrøystes vedtak**

Møteprotokollen frå møtet 29.03.2017 vart godkjent.

### **Vedlegg**

Møteprotokoll frå møtet 29.03.2017.

## **SAK 20/17 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2017**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknad til dei oppsette møteprotokollane som var til gjennomgang.

### **Vedlegg**

1. Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 29.03.2017.
2. Styret for Retura Søre Sunnmøre AS. Møtebok 04.05.2017.

### **Saksopplysning**

Gjennomgang av møteprotokollar er oppfølging av vedtak, samt at avvik som t.d. habilitet, sakshandsaming, opplysningar m.v. gir kontrollutvalet grunnlag for å ta opp tilhøve i kommunen.

### **Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):**

Kommunestyret	26.01	<b>09.03</b>	<b>27.04</b>
Formannskapet	14.02	<b>09.03</b>	<b>28.03</b>
Administrasjonsutvalet	07.06.2016		
Samfunnsutvalet	28.02	<b>04.04</b>	
Levekårsutvalet	01.03	<b>05.04</b>	
Landbruksnemnda	07.02	<b>13.03</b>	
Eldrerådet	09.02	<b>15.03</b>	<b>06.04 20.04</b>
Råd for likestilling av funksjonshemma	28.02	<b>23.03</b>	
Valstyret		<b>28.03</b>	
Ungdomsrådet	-		
VØR IKS Styret	31.01	<b>28.03</b>	
VØR IKS Representantskapet		<b>18.04</b>	
Retura Søre Sunnmøre AS	09.02	<b>29.03</b>	<b>04.05</b>

Møteprotokollar for styrer og utval i Ørsta kommune kan ein finne på heimesida til kommunen, [www.orsta.kommune.no](http://www.orsta.kommune.no) under Politikk – møtedokument.

Møteprotokollar for VØR IKS styre og representantskap finn ein på heimesida til VØR, [www.vor.no](http://www.vor.no) under fana Om oss – møteprotokollar.

Protokollar for Retura Søre Sunnmøre AS samt styresaker frå VØR, vert sett opp, sendt til oppsett medlem og lagt ved saka etter kvart som sekretariatet mottek desse.

## **SAK 21/17 MELDINGAR**

### **Samrøystes vedtak**

1. og 2. Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.
3. Kontrollutvalet tek meldinga til orientering.

### **Vedlegg**

1. Ørsta kommune – kommunestyret: Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 27.04.2017, sak 26/17 Osgeil-saka – vidare handsaming. Datert 03.05.2017.
2. Ørsta kommune – kommunestyret: Melding om vedtak i Ørsta kommunestyre 27.04.2017, sak 36/17 årsmelding for kontrollutvalet 2016. Datert 04.05.2017.
3. Kommunal økonomi, mars 2017: *Hva forteller årsresultatet i kommuneregnskapet?*

## **SAK 22/17 REVISJONEN SITT ARBEID MED FINANSIELL REVISJON 2016**

### **Samrøystes vedtak**

Kontrollutvalet har, ut frå gitte og kjende opplysningar, ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2016.

### **Vedlegg:**

#### **Revisjonsrapport 2016. B- dokument (Unnateke off. innsyn, jf. Offl. § 24, 1 lekk)**

Sendt ut pr. post. Vart samla inn etter sakshandsaminga for makulering.

Det var ynskjeleg for kontrollutvalet at revisor ga ei orientering samt svarte på spørsmål til revisjonsrapporten 2015, B-dokumentet i saka. Møtet vart lukka under gjennomgang og spørsmålsrunde, jf. kommunelova § 31 nr 5.

### **Saksopplysningar**

Denne saka er todelt. Det eine er ein del av kontrollutvalet sitt tilsyn med revisjonen og arbeidet som er gjort. Det andre er at ein ved gjennomgang av arbeidet til revisjonen, vert gjort merksam på tilhøve som det kan vere noko mangel på og/eller kan gjerast betre.

I Kommunalova § 77 nr. 4 står det: «Kontrollutvalget skal påse at kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte.»  
Kontrollutvalet si oppgave er utdjupa i kontrollutvalsforskrifta § 6:  
«Kontrollutvalet skal påse at kommunens eller fylkeskommunens årsregnskap blir revidert på en betryggende måte, herunder holde seg løpende orientert om revisjonsarbeidet og påse at dette foregår i samsvar med de bestemmelser som følger av lov og forskrift, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalgets instruks, eller avtaler med revisor.»

Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) sin rettleiar for kontrollutvalet sitt «på sjå»-ansvar overfor rekneskapsrevisor vert lagt til grunn for kontrollutvalet sitt arbeid med å sjå til at rekneskapet vert revidert på ein trygg nok måte.

I tillegg kjem revisor si orientering/gjennomgang av revisjonsarbeidet for året.

Under finn ein kva som er/vil bli gjort vil bli gjort i høve til anbefalingane i rettleiaren:

(RF = Forskrift om revisjon og KF = Forskrift om kontrollutval)

1. Krav til utdanning og praksis for oppdragsansvarleg revisor, jf. RF §11  
*Krava her er følgt opp.*
2. Krav tilandel for oppdragsansvarleg, jf. RF §12  
*Revisor har ikkje meldt noko uregelmessig.*
3. Dokumentasjon av revisors uavhengigheit, jf. RF §15  
*Revisor har levert skriftleg eigenvurdering for året.*
4. Generelt om revisors uavhengigheit og objektivitet, jf. RF §13 og §14.  
*Så langt vi har kjennskap til revisor er ho uavhengig.  
Det er ikkje grunn til å tru anna enn at revisor vurderer si uavhengigheit fortløpande.*
5. Kunnskap om revisjonen sitt innhald.  
*Kontrollutvalet sin kunnskap om kva revisjonsarbeidet omfattar er gjennom erfaring med revisjonen, skriftlege og munnlege orienteringar frå revisjonen og forbundsbasert kontroll på revisjonseininga frå Norges kommunerevisorforbund. Siste forbundsbasert kontroll var i 2016 – og resultatet vart formidla til kontrollutvalet som melding.  
I tillegg ligg det føre, jf. vedlegg -dokument frå revisjonen.  
Dette dokumentet er omfattande og detaljert, og omhandlar revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for 2016 rekneskapen.  
Dokumentet gir kontrollutvalet ei grei oversikt og innsikt i arbeidet revisjonen har gjort.  
Dokumentet sitt detaljnivå gjer at det er unnateke offentleg innsyn og vil berre vere tilgjengeleg for kontrollutvalet i samband med deira påsjå-ansvar overfor revisjonen.*  
Frå oppsummeringa  
B-dokumentet, Konklusjonsmomenter gir veldig grei oversikt.  
Totalkonklusjon:  
Det er ikkje avdekke feil i revisjonsarbeid, som har blitt endra utover det som er skissert framom (viser her til B-dokumentet), og det er ikkje grunnlag for å kunne konkludere at det ligg føre vesentleg feil som ikkje har blitt avdekka som vil påvirke arbeidsvesentleggrensa som er sett på ein slik måte at den vert overskriden (sjå B-dokument for vesentliggrensa). Notar er kontrollerte, og alle lovpålagde notar går fram. Årsrekneskapen kan derfor godkjennast slik den ligg føre.
6. Avtale mellom revisor og kontrollutvalet.  
*Kontrollutvalet har inngått samarbeidsavtale med revisjonen.*
7. Revisjonsstrategi.  
*Revisor har utarbeida revisjonsstrategi/revisjonsplanlegging for året. Denne var til behandling/orientering i kontrollutvals sak 39/16.*
8. Nummerert brev, jf. RF §4  
*Kontrollutvalet har ikkje motteke nummerert brev for året.*
9. Mislegheiter, jf. RF §§ 3 og 4, KF §8  
*Kontrollutvalet har ikkje fått melding frå revisor om mislegheiter i året..*
10. Revisjonsmeldinga, jf. RF §5  
*Revisjonsmelding ligg føre. Den er datert 09.05.2017.*

11. Revisor sin møteplikt og møterett, jf. RF §19, KF §19.  
*Revisor har fylgt si møteplikt i kommunestyret i samsvar med lov/forskrift.*
12. Revisor sin opplysningsplikt, jf. RF §20.  
*Der er ikkje grunn å tru at revisor har halde tilbake opplysningar som kommunestyret og kontrollutvalet burde hatt.*

## **SAK 23/17 BU- OG DRIVEPLIKT I ØRSTA KOMMUNE - ORIENTERING**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet tek seksjonssjef Kultur og næring Liv-Bente Viddal si orientering kring regelverket for bu- og driveplikt, til vitende.
2. Kontrollutvalet ber seksjonssjef Kultur og næring om ei utskrift når gjennomgangen av tidlegare bupliktsaker forelegg i juni.

### **Saksopplysning**

På kontrollutvalsmøtet 13.03.2017, vart det reist spørsmål om korleis Ørsta kommune fyl opp bu- og drivepliktregelverket, og kontrollutvalet ynskte ei tilbakemelding frå administrasjonen på dette.

-----  
Seksjonssjef Kultur og næring Liv-Bente Viddal møtte og ga ei orientering om regelverket for bu- og driveplikt samt korleis Ørsta kommune handhevar dette.

## **SAK 24/17 KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2016**

### **Samrøystes uttale**

1. Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2016 datert 9. mai 2017.
2. Kontrollutvalet meiner at Ørsta kommune sitt årsrekneskap som viser eit netto driftsresultat på kr 20.490.785 og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 16.325.108 kan godkjennast.  
Årsrekneskapen er sett saman av balanse pr 31.12.2016, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske, notar medrekna samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

### **Vedlegg:**

- Revisjonsmelding 2016
- Rekneskap 2016
- Årsrapport 2016, del 1, del 2 og vedlegg

### **Saksopplysningar**

Det vert vist til dei vedlagde dokumenta: Revisjonsmelding, rekneskap og årsmelding for 2016.

Driftsrekneskapen viser kr 562.099 mill. til fordeling drift. (Kr 520.195 mill. i 2015).  
Det kjem fram at rekneskapen er avslutta med eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 16.325.108. (Kr 30.586.408 i 2015).

## **Revisjonsmeldinga**

### Uttale om årsrekneskapen

#### *Konklusjon*

Rekneskapen av gitt i samsvar med lov og forskrift og gir per 31.12.2016 dekkande framstilling av den finansielle stillinga til kommunen og av resultatet for rekneskapsåret som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

#### *Grunnlag for konklusjon*

Rekneskapen er revidert i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Noreg, dei internasjonale revisjonsstandardane der oppgåver og plikter for revisjon av årsrekneskapen går fram, bl.a at etiske forpliktingar vert halde. Innhenta revisjonsbevis er tilstrekkelege og hensiktsmessige som grunnlag for revisjonen sin konklusjon.

#### *Ytterligere informasjon*

Dette er rådmannen sitt ansvar og består av årsmelding, men inkluderer ikkje årsrekneskapen og revisjonsmeldinga. Revisjonen sin uttale dekker ikkje ytterligere. Dersom revisor ved gjennomlesing av ytterligere informasjon ser at den inneheld vesentleg feilinformasjon skal dei rapportere om det. Revisor har ingen ting å rapportere.

#### *Rådmannen sitt ansvar for årsrekneskapen*

Å utarbeide rekneskap i samsvar med lov, forskrift i dette at det vert gitt eit rettvisande bilde i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

At intern kontroll som gjer det mogleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*

Formål med revisjon er å oppnå trygg sikring for at årsrekneskapen som heilskap ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleghald eller utilsikta feil.

Det skal giast ei revisjonsmelding som inneheld konklusjon.

Revisjonen utøver profesjonelt skjønn og skepsis gjennom heile revisjonen. For tillegg sjå revisjonsmeldinga.

### Uttale om andre lovmessige krav

#### *Konklusjon om budsjett*

Regulert budsjett i rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak og årsrekneskapen er i rimelig samsvar med regulert budsjett pr. rammeområde, med unntak av investeringsrekneskapen der mange prosjekt manglar budsjett.

#### *Konklusjon om årsmelding*

Opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og dei er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av kommunen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

## **Økonomisk og annan informasjon**

Her vert det vist til årsrapport og årsrekneskap for 2016 som fylgjer saka .



### Rekneskapen

Rekneskapen inneheld dei obligatoriske opplysningane og notane som gir god informasjon. Det vert også vist til erklæring frå rådmann og økonomio-/rekneskapsansvarleg i samband med kommunen si rekneskapsavlegging

### Årsrapport

Det vert vist til dokumentet og særleg til omtalen av dei økonomiske tilhøva.

### **Oppsummering**

For å gi uttale om rekneskapen er det særleg viktig å sjå over det som handlar om økonomi i årsmelding og rekneskap.

Rådmannen har lagt fram ei grei, oversiktleg og informativ årsmelding med rekneskap for 2016. Det bør likevel vurderast å gjere årsmeldinga kortare.

## **SAK 25/17 SAKER VIDARE?**

### **Samrøystes vedtak**

1. Kontrollutvalet ber sekretariatet (Vest kontroll) om å sjå på gildskap i høve handsaming utviding av Legene bustadområde.
2. Kontrollutvalet ber sekretariatet sjå på prosessen kring PPT forut og undervegs i utarbeidinga av saksframlegget om vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

### **Vedlegg**

1. Varslingsbrev frå anonym til Ørsta kommune, datert 30.01.2017, med e-postkorrespondanse.
2. Utskrift frå protokoll Ørsta kommunestyre 08.12.2016, PS 93/16 Vedtak om kommunal planstrategi 2016-2020

### **Saksopplysning**

#### **1. Gildskap vs handsaming**

Sekretariatet har fått innspel om å sjå på gildskap i høve handsaming utviding av Legene bustadområde.

Sekretariatet fekk 21.02.2017 vidaresendt eit anonymt varslingsbrev frå Ørsta postmottak om gildskap i høve handsaming av utviding av Legene bustadområde. Sidan det var adressert til Ørsta kommune v/Gunnar Wangen, vart det gitt tilbakemelding til Ørsta kommune om at ein ynskte å få tilsendt kommunen si vurdering/svar på dette. (vedlegg 1) Ein har ikkje motteke noko tilbakemelding på dette.

Elles viser ein til vedlegg 2.

#### **2. PPT – saksgang/prosess – medarbeidermedverknad**

Sekretariatet har fått innspel om å sjå på medarbeidermedverknad i prosessen som har vore forut og undervegs i utarbeidinga av saksframlegget om vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Ein må forutsette at fagorganisasjonane med hovudtillitsvalt og hovudverneombod ser til at prosessane er i samsvar med gjeldande regelverk og avtalar. Etter det ein kan sjå av det ein har tilgjengeleg av protokollar og innspel, så er det ulikt syn frå administrasjonen og dei tilsette på kva som er realiteten av korleis medarbeidarmedverknaden har vore ivareteken. Det er forespurt dokumentasjon i form av protokollar og rapportar frå administrasjonen.

Når det gjeld medarbeidarmedverknad i den vidare prosessen, viser ein til vedtak som kommunestyret gjorde 09.03.2017 i PS 14/17 Vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, pkt.6:

«Dei tilsette på PPT-kontoret i Ørsta skal inviterast til å vere med vidare i prosessen. ...»

### **Vidare handsaming?**

Informasjon som allereie foreligg samt den som eventuelt kjem fram i møtet, vil danne grunnlag for kontrollutvalet si vurdering om det skal opprettast sak/-er i kontrollutvalet, og då eventuelt om korleis det skal handterast vidare, jf. merknader til kontrollutvalsforskrift §4 i Kommunerevisors Håndbok.

### **Møtet slutt.**

Sven Castberg

- leiar -

Anne-Stine Foldal Aam

- medlem -

### **Møteprotokollen går til:**

**Kommunestyret som melding.**

Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.

Ordfører til orientering.

Rådmann til orientering.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS.